

Forskrift om utvida bandtvang for hund, Sunnfjord kommune, Vestland

Innleiande føresegner

§ 1.Føremål

Sunnfjord kommune ynskjer at lokal forskrift for hundehald er med å:

- fremje eit positivt og ansvarleg hundehald, som ivaretek omsynet til tryggleik, alminneleg ro og orden,
- reducere konfliktnivået mellom hundehald og ålmenta, ved å leggje vekt på tryggleik og trivsel for bufe, vilt og menneskje,
- hindre at hundar skremmer eller hindrar folk, og spesielt born frå fri leik,
- hindre at hund jagar bufe på beite,
- verne om vilt og viltet sitt leveområde, spesielt yngling og periodar med ekstraordinære naturtilhøve.

§ 2.Definisjonar

I denne forskrifta forstår ein:

- a) hundehald: det å eige eller ha ansvar for hund for kortare eller lenger tid,
- b) bufe: storfe, sau, geit, hest, gris og fjærkre,
- c) vilt: alle dyr som lever og ynglar fritt i naturen,
- d) eigedom: eige gards- og bruksnummer og festenummer,
- e) hushald: bueining på eigedom.

§ 3.Virkeområde

Forskrifta gjeld utvida reglar for bandtvang i Sunnfjord kommune, og kjem i tillegg til ordinære føresegner om bandtvang. Forskrifta gjeld for alle som bur eller oppheld seg i kommunen fast eller mellombels.

Føresegner om sikring av hund

§ 4.Føresegner om sikring av hundar

Hundar skal haldast i band, eller forsvarleg innestengd eller inngjerda:

- a) i innmark og utmark der bufe beiter, frå og med 1. april til og med 1. november,
- b) areal i tilknytning til Langeland ski- og fritidssenter, parkeringsplass, skistadion, rulleskibane og lysløyper: heile året
- c) i og i tilknytning til bustadområde og handleområde: heile året
- d) i helgane (frå og med fredag til og med søndag) når det vert preparert skiløyper, frå parkeringsplassen til Vonavatnet og til Vonavatnet, og i klokkeslettet 09:00 – 17:00

Bandtvang gjeld ikkje for dei unntaka som er gitt i hundelova § 9.

Andre føresegner

§ 5.Hundehald i eit hushald/på ein eigedom

I samsvar med hundelova sitt føremål og § 1 i denne forskrifta, er det eit vilkår at det i alt hundehald skal takast naudsynt omsyn til tryggleik, ro og orden for alle som bur eller ferdast i området. Brot på dette, som t.d. urimeleg støy, utrygge situasjonar for barn, er å rekne som brot på vilkåra for hundehald.

§ 6.Om reinhald

Eigar eller den som har ansvaret for hund pliktar å fjerne ekskrement som hunden etterlet seg i bustadområde, langs offentlig veg, idrettsanlegg og friområde tilrettelagt for ålmenta.

Straff og ikrafttreden

§ 7.Straff

Straff er regulert i § 28 i hundelova.

§ 8.Ikrafttreden

Forskrifta trer i kraft frå kunngjeringsdato i Norsk Lovtidend.

Frå same tid opphevast forskrift 21.06.2007 nr. 860 om utvida bandtvang for hund, Førde kommune, Sogn og Fjordane, forskrift 26.04.2018 nr.764 om utvida bandtvang for hund, Gaular kommune, Sogn og Fjordane og forskrift 07.03.2006 nr. 330 om hundehald, Jølster kommune, Sogn og Fjordane.